


Ungdomslaget treng fleire i styret

01.03.2012



Mange kjente uskedelinger har sete i leiinga for ungdomslaget. Her er dei fleste av dei som var formenn frå 1938 til 1963. Første rekke frå venstre er Sigvald Eik, Jon Steinsletten, Einar Myklebust og Johannes Rød. Andre rekke frå venstre er Bjørgulv Eik, Gunnvald Friheim, Aslaug Haugland, Leif Olderkjer og Trygve Haugland.

Det tradisjonsrike Uskedal Ungdomslag (stifta 1888) slit framleis tungt og eldsjelen Rigmor Rasmussen har ein appell framfor årsmøtet tysdag 6. mars klokka 19 i Helgheim:

- Bli med i styret, for no er det berre eg og Håvard Eik som sit der. Vi må få med fleire. Med god hjelp av vaktmeister Knut J. Ripel og kasserar Lovise Sunde har vi halde det gåande, men slik kan det ikkje halda fram.

Skal vi framleis ha eit ungdomslag i bygda trengs nye og kreative krefter, understrekar Rigmor.



Håvard Eik (til venstre) og Rigmor Rasmussen (nummer 2 frå venstre) er dei einaste i styret no. Magni Traavik som er nummer 3 har gått ut og Randi Nybakk (lengst til høgre) er leiar av hyttestyret Biletet vart teke under årsmøtet for 2 år sidan. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Hvis nokon vil bli med i laget og ta eit tak er det berre å ringe henne.

Det er særleg viktig å få med fleire no, for det ventar ei stor utbyggjingsoppgåve: Nytt kjøken i Helgheim, som vil koma heile bygda til gode.

Prosjektet er kalkulert til 460 000 kroner og det skal utførast dagnad for 100 000 medan det er rekna med 140 000 i spelemidlar, 70 000 frå kommunen og 100 000 i lån.

-Vi er heldige i Uskedalen som har eit så flott bygdahus, men det treng vedlikehald. Mange har lagt ned mange dagnadstimar i Helgheim, men det er trong for fleire, seier Rigmor, som har stått på gjennom tunge år for laget.

Det kan vera grunn til å minna om kva skriftstyrar Kristian Olav Bringedal skreiv i jubileumsskriftet for laget i 1988.

Han skreiv at framtida vil vera bundne til om det framleis er tillitsfolk som vil ofre fritida si for ideelt lagsarbeid og finna arbeidsoppgåver som fremjar trivsel og sosialt fellesskap i bygda.

Men kva har ein så att for ein innsats for ungdomslaget?

I same bok hadde Olaf A. Gausvik ein mektig prolog der eit vers var slik:

**Spør vi formannen som lite villig
fyrste gongen tok mot val
om han kjøpte si erfaring billig?
Ja, då veit vi lite om det bal
han tok på seg.
Men den dagen han legg klubba frå seg
vil han vedgå:
Det var givande å vera med på.**

Av Ola Matti Mathisen